



## Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

Arkivsaksnr: 2018/1920-0

Saksbehandlar: Ingvild Hansen Nystad

Dato: 04.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen		

Med heimel i § 3, 5.3 f) i verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord får Stein Harald Døving løyve for motorferdsel i Herdalen, Fjord kommune. Løyvet gjeld skutertransport av materialar og utstyr for vedlikehald av framkomstveg og bygningar på Herdalssetra. Løyvet blir gitt på desse vilkåra:

1. Løyvet er berre knytt til køyring for samordna tilsyn og vedlikehald, og skal innebere eit lastebehov.
2. Løyvet gjeld for vintersesongane 2021-2025.
3. Løyvet gjeld for maks 5 turar per år. Dei ulike køyreoppdraga må kombinerast, slik at skutertrafikken blir avgrensa til eit minimum, og på så få køyredagar som muleg.
4. Løyvet gjeld for omsøkt vegtrase, langs setrevegen fram til Herdalssetra.
5. Køyring bør utførast tidleg vinter, helst før mars. April/mai bør unngåast av omsyn til hekketida.
6. Køyringa skal gå aktsamt føre seg med tanke på dyre- og friluftsliv. Dersom det ikkje er absolutt nødvendig, skal det ikkje køyrist på søndagar/heilagdagar, og frå skjærtorsdag kl 12.00 til 2.påskedag kl 1600.
7. Dersom løyvet skal nyttast til vedkøyring, må dette kombinerast med tilsynsturane med slede, for å effektivisere transporten til eit minimum.
8. Løyvet og køyreboka skal oppbevarast saman med vognkortet på køyretøyet, og visast fram til oppsyn/politi når dette blir kravd. Køyrebok skal førast, og sendast verneområdestyret når sesongen er over. Køyrebok frå sist løyve (2017-19) må leverast verneområdestyret.

Det er ikkje tillate å bruke motorkøyretøy i verneområdet med det formål å frakte personar, bagasje og proviant av komfortgrunnar.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigarar sin rett til å nekte motorferdsel på sin eigedom. Løyvet føreset at køyringa utførast i semje med grunneigarlaget, vegalaget i Herdalen og Fjord kommune.

Innehavar må og følgje andre lover og forskrifter som regulerer motorferdsel i utmark.

### Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i Forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klagen bør grunngjenvæsst. Skjema for klage: [www.fylkesmannen.no/FylKlageMR](http://www.fylkesmannen.no/FylKlageMR).

## **Søknaden**

Vi viser til søknad datert 29.01.2021. Søknaden gjeld bruk av snøskuter etter vegtrase fram til Herdalssetra, der storparten av traseen ligg innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Løyvet skal brukast til vinterettersyn av veg og bygningar i området.

Søkjar viser til store variablar på temperatur vintrane, og at det er nødvendig å kome seg inn i området for å følgje med smelting, fonner mm. Nokre turar vil også gå heilt til stølen for å sjå etter bygningar som fellesfjøs og andre.

Døme på oppgåver: Å ta vekk is frå stikkrenner så vatn ikkje renn inn på vegen, men får fri passasje.

Frakt av nødvendig utstyr til reparasjon av eventuelle skader på sel, eventuelt verktøy som hakker og spader til reinskning av is. Persontransport til hjelp med is og anna vedlikehald på veg eller grunneigar som kan vere skadelidande .

Søkjar ønskjer og å kunne frakte ved med slede etter veg, i tilfelle der snøen bryt ned tre langs vegen.

Søkjar viser ellers til søknad av 3.2.2017 (arkivkode 2017/246) der han fekk innvilga skuterløyve for vintrane 2017-2019.

Tidsrommet som blir søkt for denne gongen er 29.01.21-29.01.26, fem år.

## **Vurdering etter verneforskrifta, naturmangfoldlova og forvalningsplanen**

Søknaden vurderast etter:

1. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (FOR 2004-10-08)
2. Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden– Geiranger-Herdalen landskapsvernområde
3. Naturmangfoldloven (LOV 2009-06-19)

Eit av føremåla med vernet er å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv. Eit anna er å ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, jf. verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 5.1 er motorferdsel forbode på land og i vatn.

Forvaltningsstyresmakta kan likevel i enkelte høve gi løyve til motorisert ferdsel i samsvar med retningsliner gitt i forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap og føresegner i Verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Husdyrhald og transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar mv er to av formåla det kan gjevast løyve til. Søkjar har i tidlegare søknad opplyst at han gjennom løyvet har avverga både flaumskader og anna på setrebygg, og at tilsynet kjem til gode for alle som har bygningar i Herdalen.

Herdalsvegen og Herdalssetra ligg i sona for "spesiell tilrettelegging og bruk" innanfor landskapsvernområdet. Eit tydeleg mål er likevel å halde motorferdsel på eit lågt nivå i heile landskapsvernområdet.

Køyring med snøskuter skal generelt vere strengt knytt til køyring med eit lastebehov (jf forvaltningsplanen). Det skal settast vilkår om bruk av slede eller anna lasteanordning for å effektivisere transporten mest mogleg.

## **Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12**

Søknaden blir og vurdert etter prinsippa i naturmangfoldlova §§ 8 – 12 jf. § 7.

§ 8 "Kunnskapsgrunnlaget"

Når det gjeld køyring med snøskuter er støy den største påkjenninga i høve til miljøet, sidan snøskuter ikkje vil sette vesentlege spor i terrenget.

Støy kan uroe td villevande dyr, turgårar, fiskarar og jegarar. I området rundt Herdalssetra er det registrert raudlisteartar med hekketid tidleg vår. Sjølv om traseen unngår dei mest sårbare lokalitetane, er det beste å unngå motorisert aktivitet i hekke- og yngletida. Med omsyn til andre brukarar, må ein dessutan unngå køyring i helger og feriar.

§ 9 "Føre-var-prinsippet"

Dette prinsippet er lite relevant, då vi har nok kunnskap til å vurdere skadeverknaden av tiltaket. Løyvet gjeld først og fremst for vegtraseen inn til Herdalssetra, innanfor markert sone i forvaltningsplanen. Dermed unngår ein støy i nye område.

**§ 10 "Økosystemtilnærming og samla belastning"**

Den samla innverknaden på verneverdiane vil ikkje bli for stor. Det er lite anna støy i området, og om ein unngår køyring i helger og feriar med utfart, vil uroa for folk bli redusert. I høve til hekketid vil den mest sårbar perioden truleg vere månadane mars og april.

**§ 11 "Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver"**

Oppstår skade på naturmangfaldet, skal eventuelle kostnader dekkast av tiltakshavar.

**§ 12 "Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar"**

Til frakt av tyngre vedlikehaldsutstyr vinterstid er snøskuter det mest aktuelle og miljøforsvarlege transportmiddelet. For å kunne få løyve må transporten vere knytt til lastebehov, etter forvaltningsplanen. Tilsyn med snøskuter må altså samordnast med eventuell transport av vedlikehaldsutstyr.

Søkjær ønskjer denne gongen eit meir langvarig løyve enn tidlegare. Forrige løyve vart gitt for to år, medan denne søknaden gjeld 2021 til 2026, fem år. Formålet her er årleg vedlikehaldsbehov, som nok ikkje kjem til å endre seg vesentleg. Fleirårig løyve er såleis naturleg her. Løyve for motorferdsel blir likevel vanlegvis ikkje gitt for meir enn fire år om gongen. Vintersesongen 2021 er snart over, og det givast løyve for vintersesongen mars 2021-mars 2025.

Søkjær oppmodast om å levere køyrebok til verneområdestyret for 2017-2019, om dette ikkje er gjort (ikkje registrert per dags dato). Dette var eit vilkår i førre løyve, og bør vere oppfylt før nytt løyve blir gitt.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av dette gir verneområdestyret dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i landskapsvernområdet med fleire vilkår. Desse vilkåra gjer ulempene med køyringa små i forhold til fordelane med vedlikehald av Herdalssetra, kulturlandskapet og vegen.